

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
I
ROGALAND
1952

Navnet på vatnet Lie elvarbeid
Kommune Tysvær

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet
og skriving av meldinga er utført av Roga-
land Skogselskap v/ E. Berg, etter retnings-
liner og i nært samarbeid med Konsulenten
for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr
Øyvind Vasshaug.

S Ø R E S T O R A V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 9 august 1972.

Vatnet ligg i Tysvær kommune, nærmere stadfest sør-aust for Tysværvåg, og grensar i vest for ein del etter vegen mellom Tysværvåg og Falkeid og i nord for ein del etter vegen mellom Tysværvåg og Hervik.

Arealet er omlag 300 ha, og h.o.h. 20 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men då vatnet er såpass stort vil djupnet tilhøva vera vekslande. Stort sett må likevel vatnet karakteriserast som grunt og der største djup neppe er over ca. 25 m.

Stranda består for det meste av stein, der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet, men her er og nokon fin grus- og sandstrand inni mellom.

Gjørmebotn dominarar på djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmebras, flotgras, nøkkeroser, tjønnaks, siv- og algevegetasjon vil ein finna frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner om dyrka mark, kulturbeiter, snaumark og myr. Her veks ein del spredt bjørkeskog.

Hovudtilsiget fell inn i den søre delen og kjem frå Litlavatnet. Eit større bekketilsig fell også inn ved Evje på nordsida. Elles fell der inn fleire større og mindre bekketilsig ymse stader.

Avlaupet renn ut i sør og går vidare til sjøen ved Hervik.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 5.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 6.4 som nærmast er ideelt for aure.

Innhaldet av kalk(CaO) er 3.0 mg/l og den totale hardheita 4.8 mg/l. Vatnet må etter dette karakteriseres som kalkfattig, men likevel relativt bra om ein samanliknar med andre analyserte vann.

Leiingsemna $K_{18} = 49.7 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$.

Gjennomstrøyminga er stort sett liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0, 5.5 og 10.0 m djup og ein kom fram til følgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 11 muslingar, 8 fjærmygglarver, 2 fåbørstemark, 1 vårflugelarve, 1 stikkmygglarve og 1 vann-nymfelarve,

i alt 240 individ pr. m^2 .

5.0 meteren gav som resultat 29 muslingar, 5 fjærmygglarver, 2 fåberstemark og 1 ringorm - tilslaman 370 individ pr. m^2 .

På 10.0 m vart det funne 8 muslingar, 4 fjærmygglarver og 1 fåberstemark - i alt 130 individ pr. m^2 .

Samla resultat syner at der er relativt bra med høringsdyr i vatnet.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foretken, tok vi mageprøver av 3 fiskar og her vart det funne stingsildbendelorm, steinflugelarver, diptera (mygg), buksvømmere, skivesneglar, damsneglar, vannkalver, fjærmyggupper, dafnier og halekreps. Ein ganske allsidig meny.

Planktonprøver.


Det vart teke både horisontale og vertikale plankontrekk, med planktonhov, og begge prøvene må karakteriserast som rike der planteplankton dominerte.

Fisk m.v.


Fylgjande fiske slag vil ein finna i vatnet: Sjøaure, ferskvassaure, røyr og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 31 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Set vi opp ei grafisk framsyning av fangsten fordelt på cm-klassar vil denne sjå slik ut.



Det vart teke prøver av alle fiskane og av desse var 16 røde, 13 lys-røde og 2 kvite i fiskekjøttet.

Vidare var der 14 hanfiskar og 17 hofiskar - ei normal kjønnsfordeling.

4 av prøvefiskane var svakt angripne av parasittar.


Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten for prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengde i cm	4.4	9.4	16.3	22.3	27.3	30.6	37.0
Årleg lengdetilvekst i cm	4.4	5.0	6.9	6.0	5.0	3.3	6.4
Antall fiskar	31	31	31	31	28	8	1

Medel kondisjonsfaktor 1.07 tilseier fisk av god kvalitet.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for fisken i Storavatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5cm pr.år).

Som vi her vil sjå, syner fisken i Storavatnet ein mykje god lengdetilvekst og ligg stort sett over normalkurven like til 6 års alder. Det oppsvinget som kurven gjer her skuldast berre 1 fisk, så der er grunn til å tru at den forlenga linea er meir rett og meir representativ for fisken i Storavatnet.



Fisken går mot ei maksimallengd på ca. 35 cm og det må seiast å vera bra. Sjølvsgåt vil der finnast ein del fisk som er vesentleg større enn dette, såkalla "jagarar", men der er neppe mange av desse. Dette er fiskar som har fått ein god start her i livet og som seinare har gått over til å ernære seg av yngel og småfisk.

Etter fiskeskjemaet tek fisken stort sett til med gytinga ved 5 års alder.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som relativt næringsrikt og der tilhøva i dag ligg godt tilrette for fiskeproduksjon.

Dei kjemiske tilhøva er gode, og langt betre enn det ein til vanleg vil finna i dag, samanlikna med andre analyserte vatn.

Botnprøvene, saman med mageprøvene, fortel at mange arter av verdfulle næringsdyr er representert og planktonprøvene var ganske rike.

Omfarfordelinga og cm-klasseinndelinga syner at fisk av ymse årgangar og storleiker er jamt fordelt. Det er ikkje noko spesiell gruppe som dominerer.

Ser vi på vekstkurven er også denne mykje god og nokon vekststagnasjon i samband med kjønnsmogning og gyting gjer seg ikkje gjeldande.

Når tilhøva er så gode i dette vatnet er det fleire ting som har forårsaka dette. For det første så har det ned gjennom åra vorte fiska ein del med garn både etter aure og røyr, og dette har ført til at fiskebestandet i dag ser ut til å vera nokonlunde bra avpassa det næringsforrådet som vatnet byd på. Det er mykje viktig at der er samsvar mellom desse faktorane for utnytting av produksjonsemna til vatnet.

Ein annan ting som er særskilt viktig når det gjeld fiskeproduksjon er nedslagsfeltet til vatnet. Vi skal hugse på, at det er frå nedslagsfeltet at vatna får tilsiga sine og dei stoffa som tilsiga fører med seg vil setje sitt preg på vatnet - enten til godt eller vondt.

Nedslagsfeltet for Storavatnet består for ein del av dyrka mark kulturbeiter m.v. og tilsiga herfrå fører verdfulle næringsstoff med seg og som kjem vatnet til gode. Dette gir seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gir gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølve næringsgrunnlaget i eit vatn. Ein vil såleis alltid få meir høgproduktive vatn på slike stader og der avkastinga pr. ha. er vesentleg større enn i vatn som over alt grensar mot ukultivert terreng.

Gytetilhøva må karakteriserast som gode i fleire av tilsigsbekkene så rekrutteringa vil normalt vera sikra.

På grunn av ein demning eit stykke opp frå sjøen, er det lite sjøsaur som i dag kan gå opp i Storavatnet. Då sjøsauren er ein mykje ettertrakta fisk, såvel av sportsfiskarar som andre, kunne det vore ynskjeleg å utbetra tilhøva i avlaupselva slik at det var lettare for sjøsauren å ta seg fram.

Praktiske tiltak.

Det første som må gjerast er å skipe til eit grunneigarlag for Storavatnet, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna står på.

Den fiskinga som har vorte foreteken ned gjennom åra må fortsetje. Det ein særleg skal vera merksam på, er at røyra har lett for å dominera i vatn der aure og røyrr er i blanding. Røyra har stor formeringsemne, så ein må her lokalisere gyteplassane og drive eit hardt garnfiske i gytetida. Ein kan mest seie at det neppe kan fiskas for hardt etter røyra om ein skal halde bestandet i sjakk.

Ålen er ein godt betalt matfisk som grunneigarane må prøve å nyttiggjøre seg. Det er sikkert ikkje små mengder med ål som årleg forlet Storavatnet, så ved å montere ei ålemer på ein høvande stad i avlaupselva, vil ein lett kunne fange utgangsålen. Som kjent er det om hausten, helst under flaumar og mørk måne, at utgangsålen forlet vatnet.

Straks grunneigarlaget er etablert må ein gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske. Vatnet ligg særslagleg til så det er ikkje tvil om at mange sportsfiskarar vil ta turen til Storavatnet for å prøve fiskelukka.

Ein båt eller to for utleige kunne også grunneigarlaget hatt og vidare måtte ein prøve å få til ein campingplass i nærleiken av vatnet slik at tilreisande kunne slå seg ned nokre dagar.

Storavatnet er litt av ei perle så ein skal leita lenge før ein finn eit meir idyllisk fiskevatn. Reint økonomisk skulle grunneigarlaget kunna gjera mykje ut av eit så godt fiskevatn.

Når det gjeld sjøauren må grunneigarlaget prøve å få til ei ordning som gjer det lettare for denne å koma opp i Storavatnet. Ein skulle tru at dette måtte lata seg gjere utan større kostnader.

Elles er det ikkje så mange tiltak å peika på. Det viktigaste er å få starte grunneigarlaget og ta til med sal av fiskekort slik at grunneigarane kan få innkomer ut av vatnet.

Underskrivne vil vera hjelpesam med å setja dei tiltaka som her er peika på ut i livet.

Stavanger den 26.mars 1973

Einar Berg